



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2 etasje, Fitjar rådhus
Dato: 28.05.2018
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Eva Pernille Tufteland	Leiar	
Arvid Ole Refvik	Nestleiar	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	SP
Trude Miland Helland	Medlem	
Torunn Johansen	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marianne Ytrearne	Sekretær

Eva Pernille Tufteland
leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 16/18	Godkjenning av møteinnkalling	
PS 17/18	Godkjenning av saksliste	
PS 18/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 09.04.18.	
PS 19/18	Orienteringssaker	
PS 20/18	Brosjyre om eldrerådet i Fitjar	
PS 21/18	Eldredagen 2018	
PS 22/18	Den kulturelle spaserstokken	
PS 23/18	Ymse	

PS 16/18 Godkjenning av møteinnkalling

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkalling til møtet 28.05.18.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Eldrerådet har ingen merknader til møteinnkallinga og godkjenner denne.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteinnkallinga til dagens møte.

PS 17/18 Godkjenning av sakliste

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner saklista for møtet 28.05.18.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Eldrerådet godkjenner saklista for møtet.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner saklista.

PS 18/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 09.04.18.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 09.04.18.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Eldrerådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 09.04.18.

Vedtak:

Eldrerådet godkjenner protokollen frå møtet 09.04.18.

PS 19/18 Orienteringssaker

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek orienteringssakene til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Orienteringssaker:

- Melding om oppstart av detaljregulering for Svartasmoget avfallsanlegg gnr/bnr 20/170 m.fl. Fitjar kommune, PLANID 1222 201702. Eldrerådet hadde ingen merknad til planen.
- Årsmelding for Fitjar kommune 2017. Eldrerådet synes dette var interessant lesing. Det blei påpekt i møtet at det blir brukt mykje engelske ord i årsmeldinga fra skulen. Det bør stå ein forklaring på kva dei betyr, slik at det blir enklere for dei eldre å lese. Leiar Eva Pernille Tufteland påpekte at vassavgifta aukar og kostnad for forbetring blir tatt av fond. Ho ynskjer å vite kor mykje som står igjen på dette fondet. Spørsmålet blir sendt vidare til rådmann Olaug Haugen.
- Forskrifter, kommunale avgifter. Leiar Eva Pernille Tufteland nevnte at dei som brukte lite vatn, evt. kunne installere vassmålar og i bustader som ikkje er i bruk, kan vassinntaket blomberast.

Vedtak:

Orienteringssaker:

Detaljregulering for Svartasmoget avfallsanlegg:
Saka takast til vitande.

Årsmelding for Fitjar kommune 2017:
Spørsmål angående kor mykje som står igjen på fond blir sendt vidare til rådmann Olaug Haugen.

Forskrifter, kommunale avgifter:
Saka takast til vitande.

PS 20/18 Brosjyre om eldrerådet i Fitjar

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Eldrerådet forslo diverse rettingar utkastet til brosjyre.
Korrigeringar:

Medlemmer:

- | | | |
|--|---|-------------------|
| ➤ Arvid Ole Refvik - leiar 2015-2017 | } | For pensjonistane |
| ➤ Eva Pernille Tufteland - leiar 2018-2019 | | |
| ➤ Torunn Johansen | | |
| ➤ Grete Marit Veka Maraas (SP) | | |
| ➤ Trude Miland Helland | | heimesjukepleien |

Varamedlemmer:

- | | | |
|--------------------------------------|---|-------------------|
| ➤ For leiar: Inga Helene Skumsnes | } | For pensjonistane |
| ➤ For nestleiar: Trygve Petter Eiken | | |
| ➤ Ole Anders Haukeland | | |
| ➤ Vigdis Røen Leirvik (AP) | | |
| ➤ Vigdis Tislevoll | | Helse/omsorg |

Medlem Torunn Johansen hadde med ei brosjyre frå Radøy eldreråd som evt. kan brukast som mal. Sekretær utarbeider nytt forslag til neste møte. Brosjyra skal utdelast på eldredagen.

Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 21/18 Eldredagen 2018

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Eldredagen arrangerast 3. oktober 2019.

Leiar Eva Pernille Tufteland har vore i kontakt med Olav Johannes Oma og Elisabeth Oma. Dei vil stille med sang og musikk. Finn Maraas bidreg med trekkspelmusikk til songane, får tilsendt songhefte. Nestleiar Arvid Ole Refvik skal skaffe tekst og notar til ein ny «Fitjar-song». Før arrangementet startar, må lyden i lokalet sjekkast. Leiar tek kontakt med Fitjar vidaregåande skule når skulen startar opp igjen angående sjølve arrangementet og om variasjon av kakene.

I og med at Fitjar kraftlag har gitt kr. 5000,- i støtte til eldredagen, ynskjer dei at Eldrerådet profilerer dei på eldredagen ved bruk av f.eks bannere.

Vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

PS 22/18 Den kulturelle spaserstokken

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tek informasjonen til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Saka blir tatt opp i neste møte.

Vedtak:

PS 23/18 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Eldrerådet - 28.05.2018:

Apotek: Det er fortsatt ynskje om apotek i Fitjar og saka er sendt vidare til ordførar.

Representanten Grete Marit Veka Maraas fortel om at det fortsatt jobbast med å få igang ei «sangstund» på institusjonane, evt. Seniorsenteret eller «Galleri Flora». Når det gjeld likande arrangement som «Sangstund på Café Annemor, bør dei som arrangerte det der gjerne prøve å få igang noko liknande sjølv.

Det blei også diskutert om eldrerådet på sikt kan arrangere «Temamøte» på Seniorsenteret. Hensikten med møtet er at de eldre kan kome med ymse saker dei vil at eldrerådet skal ta opp.

Vedtak:

Neste møte blir på Seniorsenteret 27.08.18.